

Referat Årsmøte Hordaland Sau og Geit 2010.

1. Opning av møte.

Indre Hardanger Sau og Geit er vertskapskommune og leiar Bergfinn Kvalness ynskte årsmøtet velkomen til Lofthus. Laget har over 100 medlemmer. Dei har rekna litt på tal sauebruk og tal sau i området og har kome fram til at det er eit snitt på 38,5 sau pr bruk.

Leiaren sin tale:

Gode Årsmøteutsendingar og gjester!

Det har vore frykteleg kjekt å sjå korleis påmeldingslista til årsmøtet har vokse denne gongen. Eg trur det er nokre år sidan me har hatt så mange deltakarar og så mange lokallag representerte på årsmøtet så dette var veldig kjekt! 25 av 32 lokallag på plass er iallfall me i styret godt nøgde med!

Medlemstalet i fylket auka mykje i 2009 og det er me veldig glade for. 60 medlemmer meir på eitt år er kjempeflott! Det er berre å stå på vidare! Norsk Sau og Geit pleier kvart år å kåra ein supervervar, årets supervervar 2009 kjem frå Kvam i Hordaland. Han heiter Kåre Fosso og har verva 34 medlemmer! Det er visst ny rekord og han har motteke eit spegreflekskamera som vervepremie i tillegg til at han er invitert til å delta på representantskapsmøtet til NSG i mars, så her er det noko å strekka seg etter for fleire.

Økonomien i sauehaldet har betra seg dei siste åra, men det er eit stort gap å fylla og det er vel endå slik at sauebruka ligg nederst på statistikken over inntekt pr årsverk. Me er bekymra for nedgangen i sauetallet. Både når det gjeld attgroing og skjøtsel av kulturlandskap – men også – og ikkje minst – dei praktiske konsekvensane ved at det er betrakteleg færre dyr i fjellet.

I 2009 starta det opp eit prosjekt som skal finna ut meir om lyssiv og knappsiv i eng og beite. Prosjektet skal fyrst og fremst finna målretta tiltak for å kontrollera den stadige utbreiinga av siv på Vestlandet. Prosjektet skal gå over 4 år og er eit samarbeid mellom Bioforsk, Landbruksrådgjeving og Sau og Geit i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Me håpar verkeleg at det vil komma noko ut av dette prosjektet som har ein praktisk nytteverdi for oss bønder.

I mars i fjor var me 6 utsendingar frå Hordaland på landsmøte i NSG. Der heiv me oss frampå nokre gonger med bra resultat må me vel kunna seia. Me fekk Ove Holmås inn på fast plass i styret i Norsk Sau og Geit. I tillegg fekk me gjennom at NSG ikkje berre skal ha ein Handlingsplan Rovvilt. Dei skal også laga ein handlingsplan med mål og strategiar for å redusera tap av beitande småfe på meir generelt grunnlag.

Leiarmøtet 2010 har me allereie bestemt datoen for. Det vert fredag 29.oktober. Det vert i samband med stormøtet som dei andre landbruksorganisasjonane i fylket er med og arrangerer. Det var jo også i 2009 snakk om å ta leiarmøtet i samband med dette møtet, men då var datoen eit stykke ut i november så me i styret vurderte det slik at det vart litt vanskeleg i forhold til oppstart av paringa. Når det no har vorte flytta fram til slutten av oktober så syns me i styret at det kan vera greitt å testa ut opplegget. Det er viktig også for småfenæringa å ha litt samarbeid med dei andre næringane i fylket. Me er alle avhengige av kvarandre og det må me aldri gløyma.

Så de som er i arbeid utanom bruket må alt no setja av ein feriedag fredag 29.okt!

Når det gjeld geitedelen i fylkeslaget har den heller ikkje i år vore særleg god. Styrerepresentantane som er valde for geit har ikkje vore flinke å stilla på møte i år heller og sidan me andre ikkje har særleg god peiling på geit så vert det litt spett... Men som de veit så har HSG sidan 2007 vore medeigar i prosjektet Geit i vekst. I byrjinga var me vel ikkje heilt nøgde, me følte vel at svært mykje av aktiviteten føregjekk i dei to andre fylka, men når prosjektet no går mot slutten og sluttrapporten føreligg så har dette betra seg monaleg og mange har hatt nytte av prosjektet også i Hordaland. Så når det no vart aktuelt å søkja om vidareføring i 3 nye år, var me ikkje i tvil om at me ville vera med på dette.

Sjukdomssituasjonen på sau er no lysare enn det såg ut i fjor. Når det gjeld fotråde har dei etter kvart fått ein god oversikt over situasjonen og me får håpa dei lukkast i jobben med å isolera den alvorlege fotråten.

Blåtungesituasjonen ser også bra ut no. Det vart ikkje oppdaga nye tilfelle i beitesongen 2009 og det er me sjølv sagt taknemlege for. Me har likevel ei restriksjonssone for bekjempelse av Blåtunge som delte fylket vårt på tvers og skapte ein del bryderi for mange. For HSG sin del fyrst og fremst for gjennomføring av kåringane. Inne i sona var det kun gardskåringar som kunne nyttast og dette er naturleg nok arbeids- og ressurskrevande for dommarar og lokallag.

Når det gjeld framtida for kåringane generelt så skal me komma tilbake til dette under eiga sak seinare i møtet, men styret i NSG har allereie bestemt at kåringane i 2010 vil gå som vanleg. Framtida vidare skal avgjerast seinare. Hordaland S&G må vera tydelege på kva ein ynskjer ut frå kva det vil kosta og kva bøndene er villige til å betala for å kåra eit lam. Men dette vert det som sagt anledning til å diskutera seinare i dag.

I sommar sette styret i gang eit arbeid med å laga ein eigen strategiplan for fylkeslaget. Me fekk god hjelp i starten av Geir Totland i Hordaland Bondelag. Han hjelpte oss å sortera litt tankar og laga eit utkast som me seinare har flikka og justert litt på, til det forslaget som ligg føre til godkjenning seinare i dag. Me er bra nøgde med resultatet og trur dette er eit godt dokument til å bruka som rettesnor for arbeidet i fylkeslaget. Det er viktig at me no tek den i bruk og ikkje berre gøymer den i ei skuff!

Når det gjeld kommunikasjonen mellom lokallag og fylkeslag så er eg den fyrste til å innrømme at den ikkje har vore god nok i 2009. Det har vorte mykje meir arbeidskrevande utan Atle Almeland enn det me hadde trudd på førehand. No ventar me på at NSG skal avgjera korleis dei vil at fylkeslaga sin sekretærordning skal vera. I mellomtida er Turid Sundt ein reddande engel når det gjeld referatskriving og så får me håpa at det snart vert ei løysing på resten. Me har iallfall eit stort forbetningspotensiale når det gjeld kommunikasjon, og det skal me bruka! Men for å bli betre på å kommunisera på ein minst muleg arbeids- og energikrevande måte treng me e- postadresser til alle lokallag. Det vil letta leiar og sekretær sitt arbeid svært mykje.

NSG er inne i ein prosess med å laga nye nettsider og dette vil og gje fylkeslaga nye sider på litt sikt. Det vil også verta mulegheit for lokallaga å ha eigne sider dersom dei måtte ynskja det. Dei noverande nettsidene våre har me hatt litt tekniske problem med spesielt når det gjeld utlegging av bilete. Dette skal verta betre med dei nye sidene når dei kjem. Men dei noverande sidene våre er iallfall oppdaterte med styremøtoreferat og liknande. Og så gjer me så godt me kan...

Til slutt vil eg nytta høvet til å takka for samarbeidet med dei andre i styret. Også takk til lokallaga og medlemmene for engasjement for næringa vår.
Lukka til med årsmøtet!

2. Namneopprop.

44 røysteføre i salen.

3. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknader til innkalling.

Sak 15 vert flytta fram til sak7, og sak 7-14 vert flytta ein plass bakover.

4. Val av skrivar og 2 personar til å skrive under møteboka.

Turid Sundt vart vald til skrivar, og Else Seilen og Anders Skjerveggen vart valt til å skrive under møteboka.

5. Årsmelding.

Inga gjekk gjennom årsmeldinga.

Kommentarar til regionoversikta: oversikta over kva kommunar som er i kva region er ikkje fullstendig. Dette bør rettast opp.

Avlsutvalet for sau v/Tore Atle Sørheim.

Avlsutvalet arbeider mest med å arrangere kåring. 2009 vart det pålagt å gjennomføre gardskåring i søndre del av fylket. Dette var kostnadskrevande. Det er alt bestemt at det vert ordinær kåring i heile fylket i 2010 (så lenge ikkje noko uforutsett skjer), og det er då på sin plass å minne arrangørane om kor viktig det er å fokusere på smittevern på kåringsjøet.

”Kva gjer ein for å rekruttere nye dommarar?” – ”lokallaga kjem med forslag til personar.”

”Ingen krav til kompetanse?” – ”rekruttar må vere aspirantar saman med erfarne dommarar, og dei får vere med på dommarkurs.”

Gjetarhundnemna ved Audun Seilen.

Informerte om nemnda si heimeside som vert vedlikehalde av Evelyn Sommar. Dei laga i 2009 til ein eigen Hordaland-cup. Ein positiv erfaring!

Sau og geit er ansvarleg for oppdrett av Border Collie og Kelpie. Viktig at ein fokuserer på brukseigenskapane hjå desse rasane.

Vedtak:

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

6. Rekneskap.

Inga gjekk gjennom rekneskapet. Det var eit overskot på 72172kr i 2009. Det var ikkje planlagt, for budsjettet la opp til eit underskot på 25000kr. Inga gjekk gjennom dei postane der rekneskapet avvik noko frå budsjettet, og kommenterte årsakene.

”Kva er tilskot frå NSG?” – ”det er pengar som kjem frå NSG og som går til avlsutvalet.”

”Det er overskot i fylket, kvifor får Seminringen avslag på søknad om støtte?” – ”styret ynskjer ikkje å støtte ein ring på kostnad av dei andre ringane i fylket”.

”Kan noko av overskotet nyttast til dommarrekruttering?” – ”det må det nye styret ta stilling til.”

7. Innkomne saker.

Leiar av valnemnda John Karsten Raunholm.

Valnemnda har hatt problem med å få rekruttering til styret i år. Dette gjeld spesielt geiterepresentanten. Svært få som har høve til å kome fast på styremøta. NSG sine lover seier og at det skal vere 5 personar i styret. Kan geiterepresentanten takast ut av styret, og så kan heller det framtidige styret kalle inn representantar frå geitenæringa når det kjem saker som omhandlar geit?

Styret i HSG var einige i forslaget til valnemnda og innstillinga lyd slik:

Ove Ommundsen, leiar av NSG, sin tale til Årsmøtet.

Ein større del av medlemskontingenten skal gå til lokallaga. Det er der hovudaktivitetane skal vera. Fylkeslaget i Hordaland fekk auka overføring på rundt 80000kr i 2009. Ommundsen meiner ein del av desse pengane bør nyttast til kjøp av sekretær. Sentralt frå er der ikkje meir pengar å hente til sekretærhjelp til fylkeslaga, men styret har eit forslag om at fast tilsette sentralt kan få ansvar for sekretærfunksjonane i sine fylker. Dette må eventuelt opp til godkjenning i representantskapsmøtet 2010.

Parkveien vart selt i 2009, og det vart kjøpt nye lokale til hovudkontor ute på Ås. Her har dei samla både administrasjon og avlsavdeling.

Sauebøndene har vore ”vinnarane” av jordbruksforhandlingane 3 år på rad. Det må me vere glade for. Hovudkrava i 2010: støtte til investeringar for å renovere sauehus, inntektlyft i saunæringa, gjeninnføring av tilskot til påsettlam (spesielt viktig der det er store rovvilttap), auka dyretilskot og halde på frakttilskotet.

Innan 1.juni ynskjer dei innspel til stortingsmeldinga. Stikkord her vil vera kapitaltrong, fraktutjamning, kjedemakt, kjøp og sal av landbrukseigedom, krav om minsteløn, leige(import) av arbeidskraft, prioriteringa av kornproduksjonen til dyr/menneske klima og jordbruk over heile landet (her er saunæringa viktig)!

Ommundsen informerte om NSG sine ulike handlingsplanar.

Handlingsplan for rovvilttap - viktig å ha gode erstatningsordningar. Me kan ikkje leve med tap på 60000dyr i året.

Kommunikasjonsplan for organisasjonen.

Smittevernplan for småfe -mattilsynet set krav til at næringa sjølv tek tak når det gjeld livdyromsetninga, fellesbeita, vereringane og generell smitteførebyggjing innan buskap.

Helsing frå Tine Meieriet Vest og Hordaland Bondelag ved Lars Istad

Prosjektet ”Geit i Vekst” har vore eit vellukka prosjekt. Det vert i dag produsert for mykje geitemjølkk sidan dei sanerte buskapane produserer meir enn før. Det er viktig å likevel halde på kvotane og heller syte for større omsetnad.

Norge har råd til å produsere sin eigen mat og det vil Bondelaget arbeide for!

8.Val av leiar.

Valnemndleiar gjekk gjennom litt av arbeidet som er vorte gjort i forkant av årsmøtet. Det er greit å vere klar over at det er laga ein ”arbeidsinstruks” for valnemnda for kva som skal gjerast og når. Det er og laga til ei liste over kriterium som bør verte stilte til framtidige leiarar.

Vanmenda si innstilling til ny leiar: Nils Inge Hitland.

Vedtak:

Nils Inge Hitland vart samrøystes (44 stemmer) valt til ny leiar av Hordaland Sau og Geit.

9. Val av styremedlemer.

Innstillinga frå valnemnda:

Reidar Kallestad (ny)

Steinar Steine (attval)

Vedtak:

Reidar Kallestad vart vald med 42 av 44 stemmer.

Steinar Steine vart vald med 44 av 44 stemmer

10.Val av nestleiar.

Innstillinga frå valnemnda: Reidar Kallestad.

Vedtak:

Reidar Kallestad vart samrøystes(44 stemmer) valt til ny nestleiar av Hordaland Sau og Geit.

11.Val av varamedlemer til styret.

Innstillinga frå valnemnda:

1.vara: Egil Øvstebø (ny)

2.vara: Anders Konglevoll (attval)

3.vara: Kjartan Bergsvåg (ny)

Vedtak:

Egil Øvstebø, Anders Konglevoll og Kjartan Bergsvåg er i kronologisk rekkefølge valt til nye varamedlemer til styret av Hordaland Sau og Geit.

12.Val av revisorar og varamenn.

Innstillinga frå valnemnda:

Sverre J. Kvistad (attval)

Jan Geir Jensen (attval)

Vara: Rune Lavik Attval)

Vedtak:

Sverre J. Kvistad og Jan Geir Jensen vart samrøystes valt til nye revisorar, og Rune Lavik vart valt som varamann.

13.Val av møteleiar til årsmøte 2011 med varamann.

Innstillinga frå valnemnda:

Møteleiar: Martin G. Haugland (attval)

Varamann: Jarle Ansgar Helland (ny)

Vedtak:

Martin Haugland vart samrøystes valt til møteleiar for HSG sitt årsmøte 2011, og Jarle Ansgar Helland er varamann.

14.Godtgjersle til leiar og styremedlemer.

Framlegg frå valnemnda:

Styreleiar: kr 20000/år (opp frå 16000,-)

Nestleiar: kr 8000/år (opp frå 5500,-)

Styremedlemer og vara: kr 500/møte (opp frå 250,-), og ingenting for telefonmøte.

Vedtak: valnemnda sitt framlegg vart samrøystes godkjent. Leiar i HSG vil få 20000/år, nestleiar 8000/år og styremedlemer og møtande varamenn får kr 500/møte.

15. Val av valnemnd.

Alle regionar i Hordaland skal stille med ein representant i valnemnda. Frå 2009 sit desse representantane:

Region 3: Mons Kjetil Vevle, med vara Magnar Stien.

Region 5: Vidar Trengereid, med vara Sture Tveit (endring)

Region 6: Kjel Kvåle, med vara Lars Johan Tveit.

Region 7: Kari Brørvik, med vara Ivar Haug.

Framlegg frå valnemnda for nye representantar i valnemnda:

Region 1: John Sævareid, med vara Berit Guddal.

Region 2: Cato Frøvik, med vara Ola Steinsland.

Region 4: Gunstein Sætre, med vara Wenche Ekren.

Vedtak:

Framlegget frå valnemnda vart einstemming godkjent. Mons Kjetil Vevle vart valt til å vere ny leiar av valnemnda.

16. Godkjenning av strategiplan for Hordaland Sau og Geit.

Inga la fram styret sitt forslag til strategiplan for HSG. Planen vart arbeida med på siste leiarmøte, og alle lokallaga har fått tilsendt forslaget saman med innkallinga til dette årsmøtet:

Strategiplan for 2009-2011.

Visjon: "NORSK SAU OG GEIT - på lag med naturen"

Hovudmål:

NORSK SAU OG GEIT skal i samsvar med § 1 i lovene arbeide for:

- eit rasjonelt og lønsamt saue- og geitehald
- samarbeid i produksjon og omsetnad
- større bruk av norske småfeprodukt
- å fremje småfehaldet i samsvar med god dyrevelferd, naturvilkår og marknadstilhøve.
- Alle ledd i organisasjonen har ansvar for at visjon og hovudmål vert nådd gjennom handling.

Dette skal vi gjere gjennom å prioritere:

1. Produksjonsvilkår

- Arbeide med "Handlingsplan for tap av dyr på beite"(sentralt).
- Arbeide med "Handlingsplan Rovvilt"
- Arbeide for beitebruksplanar og beitebruken sin naturlege plass i arealplanlegging.
- Arbeide for god dyrevelferd og dyrehelse gjennom å vere pådrivar for kurs, og anna informasjon.
- Arbeide for utvikling av gjetarhundbruken og eit godt gjetarhundhald .

2. Økonomi og marknad.

- Gje uttale om viktige økonomiske tiltak i samband med uttale til Jordbruksforhandlingane.
- Arbeide for å oppretthalde og vidareutvikle økonomisk stimulering av beitebruk i småfehaldet.
- Samarbeide med faglaga og ha offensiv kontakt med politiske og administrative miljø.

- Samarbeide med samvirke og andre som driv med mottak, foredling og omsetning, for å fremje produktutvikling og sikre best mogleg pris til bonden.

3. Faglege utfordringar.

- Leggja forholda til rette for å fremja godt avlsarbeid i fylket.
- Vere pådrivar for utvikling og auka tilslutning til Saue- og Geitekontrollen.
- Vere pådrivar for auka tilslutning og innrapportering til Helsetenestene for sau og geit.
- Arbeide for auka oppslutnad om økologisk småfehold.
- Arbeide for kvalitet og kunnskap om klypping og ullhandsaming.
- Legge til rette for tiltak der det er eit eigarskifte, stimulere til produksjon

4. Eigen organisasjon.

- Skaffe eksterne og interne ressursar til lagets arbeid.
- Utvikle eigen organisasjon og skulere tillitsvalde.
- Ta heile organisasjonen i bruk og motivere til godt lokallagsarbeid.
- Halde vedlike og utvikle sosiale og faglege møteplassar i produsentmiljøa.
- Yte god service til alle som tek kontakt med organisasjonen.
- Kontinuerleg medlemsverving.
- Formidle medlemsfordeler.

5. Informasjon i og utanfor eigen organisasjon.

- Bruke medlemsbladet og heimesida som kontaktskapande og informerande organ til medlemmer og andre.
- Profilere organisasjonen og næringa på messer, i skular, i media osv. på ein positiv måte.
- Informere politikarar og andre om verdien av eit sterkt småfehold.
- Vere synlege overfor politikarar, media og andre beslutningstakarar.

Januar 2010.

Inga W. Rørlien (s), Steinar Steine (s), Svein Misje (s), Birgitta Vedøy (s), Anne Lise Lien (s)

Vedtak:

Strategiplan vart godkjent med merknaden om at ein skiftar ut "Norsk sau og geit" i overskrifta til Hordaland sau og geit.

17. Arbeidsplan for 2010.

Steinar la fram styret sitt forslag til arbeidsplan for 2010.

Det kom ikkje inn forslag/merknader til framlagte arbeidsplan.

18. Budsjett for 2010.

Steinar la fram styret sitt forslag til budsjett for 2010.

Det kom ikkje inn forslag/merknader til framlagte budsjett.

19. Kåring i Hordaland i framtida.

Ove Holmås orienterte om vedtak frå sentralstyret som vedkjem kåringa her hjå oss. Styret har vedteke at alle fylka, unnateke Rogaland, kan søkje om dispensasjon frå lova som seier at det er forbode å samle småfe.

Når det gjeld framtidig kåring må ein vente til Smitteverplan småfe (Lajordet-utvalet) er ferdige. Når denne vert ferdig til våren, vil lokallag og fylkeslag få planen til høyring. Planen vil så kome opp på representantskapsmøtet til hausten.

”Er mattilsynet med i denne arbeidsgruppa?” – ”dei var invitert, men takka nei.”

”Det er 2 typar fellesbeite i fylket. Dei som har store sankekve og dei som hentar sauene ned kvar for seg. Er det mogleg å ta med denne ulikskapen i det vidare arbeidet i smittevernplanen?” – ”ynskjer ikkje å setje grupper opp mot kvarandre innad i næringa. Me må hugse at Mattilsynet ikkje er motstandaren vår, men at me er på same lag. Me har alle mest å tene på å vere sjukdomsfrie.”

20. Andre saker.

Inga orienterte om innspelet frå HSG til årets jordbruksforhandlingar:

Tilskotsintervall:

Når det gjeld tilskot til husdyr ynskjer Hordaland S&G å behalda intervallet på 1-50 og 51-100 sau/ammegeit. Dersom ein flatar ut tilskotet heilt opp til f.eks 300 dyr, vert satsen pr dyr betrakteleg mindre og dermed er det atter ein gong dei små som tapar mest. Det ville verta svært skadeleg for sauene i Hordaland. Me har mange små buskavar og desse vil tapa stort på ei slik omfordeling. Det er svært viktig at det fortset å vera ein større sats for dei fyrste dyra.

Utmarksbeitetilskot:

Det vert færre dyr i fjellet. Dette er ei stor utfordring i mange beitelag og det er utan tvil eit aukande problem.

Me meiner det må verta ein god auke på tilskotet til dyr på utmarksbeite. Dyr i utmark er positivt også i eit miljøperspektiv, sidan ein i utmarka har mindre behov for behandling mot innvollsorm og flått i tillegg til at ein sparar kunstgjødsel.

Fraktutjamning:

Hordaland er eit ”utkantfylke” med mange krikar og krokur. Me har heller ikkje slakteri att i fylket. Me må difor sikra at det ikkje vert dyrare for oss enn resten av landet å levera slakt, kjøpa kraftfor eller levera mjølk. HSG ser på dette som ei svært viktig sak for hordalandslandbruket og ynskjer difor ein auke i frakttilskota.

Midlar til investering:

Det er stort behov for fornying av småfebygg i Hordaland. Ein svært stor del av driftsbygningane er gamle og tungvinte slik at timeforbruket i sauene i Hordaland vert mykje høgare enn det burde vore.

RMP:

Hordaland Sau og Geit er i utgangspunktet positive i prinsippet om at fylka får ein eigen pott til fordeling etter lokale forhold. HSG er likevel ikkje heilt fornøgd med korleis fordelinga er i Hordaland. Slik fordelinga er no har det dreia frå tilskot til produksjon til tilskot til kultur og dette stiller me oss kritiske til.

Me meiner at bøndene skal ha større makt i fordelinga i RMP. Det er Bondelaget, Bonde og Småbrukarlaget og Fylkesmannen som skal avgjera korleis fordelinga skal vera til slutt.

Jordbrukstingingane 2010, Geitehaldet.

Kjekjøt:

Sjølv om Nortura betalar mellom 35,0 og 40,0 kr pr kg for kje over 3,5 kg i bestemte klassar er det lite kje som blir fora fram til slakt. Dette heng mykje saman med at økonomien ved å fore kjea på mjølkeerstatning er heller svak. Geitehaldarane satsar først å fremst på å levere kvota til Tine. Ved svak lønsemd med bruk av mjølkeerstatning blir difor overskotskjea avliva. For å betre økonomien i kjekjøtproduksjonen må slaktetilskotet i jordbruksavtala hevast til kr 120,00 pr kje.

Mjølkeproduksjon:

Mjølkeproduksjonen er hovudinntekstkjelda til geitehaldarane. Marknadssituasjonen tilseier at det ikkje er lurt å auke grunnprisen. Inntektsauken må komme over budsjettmidlar som grunn- og distriktstilskot

Nei til nyetablering:

Dagens markedsituasjon gjev ikkje rom for auke i produksjonsvolum og ledig geitmjølkkvote er svært begrensa i høve til etterspørsel. Ein god del av etablerte produsentar har både ynskje om, og behov for å skaffe seg større kvote for å klare nødvendig fornying av driftsapparatet. Det skjer ein viss overgang frå ku- til geitmjølkeproduksjon. Dette er ei **nyetablering** som **ikkje** må gløymast i denne diskusjonen. Ledig geitmjølkkvote og eventuell rom for auke i produksjonsvolum må tilgodesjåast etablerte produsentar.

Husdyrtilskot:

Dagens regelverk medfører at berre geiter som har vore- eller er i produksjon får husdyrtilskot. Dette gjer at produsentar som har kjeing i desember får tilskot til førstegongskjearne ved januarsøknaden, medan produsentar som har kjeing i januar først får tilskot ved augustsøknaden. Under årets jordbrukstingingar må regelverket endrast til at geiter som har vore- eller er i produksjon samt førstegongskjearar som er drektige ved telledato får husdyrtilskot.

Kvoteleige:

Frå 01.01.2010 blei det opna for kvoteleige på geitmjølke. I argumentasjonen for den nye ordninga blir m.a. auka fleksibilitet framheva. Dagens regelverk utelukkar samdrifter i å delta i ordninga utan at det er gitt noko grunngeving for dette. For dei som er i samdrift verkar dette som ein logisk brest i regelverket. Under årets jordbrukstingingar må regelverket for kvoteleige på geitemjølke endrast slik at samdrifter også kan delta.

Investeringsverkemidler:

Det er stor trong for fornying av driftsapparatet i geitehaldet og det er gledeleg at ein no ser ei viss satsing på fornying. Mange bruk har for små kvotar til å klare denne økonomiske utfordringa. Resultatet er at gardsbruk blir lagt ned då neste generasjon ikkje ser moglegheiter for å få til økonomisk drift.

Det er stor interesse for å auke kvota i samband med investering i driftsapparatet men tilgongen på ledig kvote er svært begrensa.

I neste omgang vil dette føre til at berre dei med stor kvote vil overleve og mange små bruk blir lagt ned.

Skal ein sikre ein variert bruksstruktur må investeringsverkemidla betrast.

Under årets jordbrukstingingar må satsen for tilskot aukast til

35 %. I tillegg må ramma aukast slik at ikkje ferre får tilskot.

Det må vurderast å setje av ein øyremarka pott til investering i geitehaldet..

Sjukdomssanering, Friskare Geiter:

Interessa for sjukdomssanering er framleis god. Det vil vere heilt feil om tilbodet om sjukdomssanering forsvinn etter 2010.

Årets jordbrukstingingar må sikre tilførsel av midlar til Friskare Geiter også etter 2010. Friskare Geiter prosjektet må vidareførast til alle geiter, både mjølkegeiter ammegeiter og hobbygeiter er sjukdomssanert. Slik kan det positive arbeidet med å få ein frisk geitepopulasjon halde fram og ein kan unngå at dei sanerte flokkane blir resmitta.

Det må etablerast eit program for overvaking av helsestatus til dei sanerte flokkane etter at Friskare Geiter prosjektet slik vi kjenner det i dag er avslutta.

Med helsing: Hordaland Sau og Geit, Sogn og Fjordane Sau og Geit, Møre og Romsdal Sau og Geit, Norsk Sau og Geit, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag.